

Fra: "Kjersti Sande Tveit" <Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no>
Sendt: onsdag 5. februar 2025 16.15.30
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Kopi: "Karianne Ingrid Rønningen Rognhaugen" <kirr@nve.no>
Emne: Avgrensa høyring - detaljplan for miljø og landskap - tappearrangement
Bjørnastigvatnet

Ref. 202423443-2

Hei!

Vi viser til brev dat. 13.01.2025 med høyring av detaljplan for miljø og landskap for tappearrangement i Bjørnastigvatnet.

I detaljplanen er det omtalt at det skal førast opp nytt lukehus til erstatning for det eksisterande. Det ligg derimot ikkje føre teikningar som viser korleis det skal utformast. Vi har i epost dat. 29.01.2025 bedt SFE om å få tilsendt målsette teikningar av nytt lukehus, slik at vi kan ta stilling til om det er nødvendig å handsame tiltaka som dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen. Vi har ikkje motteke det. Så lenge det ikkje går fram av detaljplanen kva som faktisk skal oppførast, meiner vi at lukehuset ikkje utan vidare er ein del av tiltaket etter vassdragslovverket. Det medfører at tiltaket ikkje er unnateke byggjesakshandsaming, og vi må krevje søknad om byggjeløyve etter plan- og bygningslova for lukehuset. Det er noko vi helst ville ha unngått. Så lenge vi ikkje har teikningar av lukehuset som skal førast opp, kan vi heller ikkje ta endeleg stilling til om heile tiltaket som detaljplanen omfattar må handsamast som dispensasjon frå arealdelen. Så langt har vi ikkje merknader til dei øvrige delane av detaljplanen.

Kjersti Sande Tveit
-plan- og miljøvernleiar-

Direkte tlf.: 57 73 07 08
Sentralbord: 57 73 07 00
E-post: kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no